

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/14	Plan- og kommunalteknnisk utval	PS	26.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Klette	14/3495

Saksframlegg - Vedtak av Planprogram for kommunedelplan for sjø og strandsone - 2015 - 2025

**Vedlegg:**

PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA I OSTERØY KOMMUNE Revidert  
111114

Innkomne merknadar - Planprogram for kommunedelplan for sjø og strandsone 20152025

Plan og kommunalteknnisk utval vedtek med dette Planprogram for kommunedelplan for sjø og strandsona, PlanID 12532014007, i henhold til plan og bygningslova § 11-13.

**Plan- og kommunalteknnisk utval - 099/14**

**PL - behandling:**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**PL - vedtak:**

"Plan og kommunalteknnisk utval vedtek med dette Planprogram for kommunedelplan for sjø og strandsona, PlanID 12532014007, i henhold til plan og bygningslova § 11-13."

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Osterøy kommune vedtok 27.08.2014 å starte opp arbeid med kommunedelplan for sjø og strandsona, i henhold til planstrategien 2012-2015. Bakgrunnen er eit ynskje om å ha ein

langsiktig og overordna strategi for arealdisponeringa i sjø og strandsona.

Føremålet med arbeidet er utarbeida ein arealplan som skal fungera som eit styrande dokument for arealforvaltninga i strandsona. Planen skal ivareta mulighet for friluftsliv, næringsutvikling, viktige naturverdiar og sikre innbyggjarar og andre tilgong til sjø. I tillegg skal lokalisering og tal på akvakulturlokalitetar vurderast.

Planprogrammet skal syna føremål og bakgrunn for planarbeidet, viktige tema og trøng for utgreiingar, og prosess og medverknad. Viktige tema i utarbeiding av planen er friluftsliv, næring, småbåthamner/naust, bruk av gamle bygg i strandsona og akvakultur.

Osterøy kommune vedtok 24.09.2014 i sak nr 084/14 å leggja Planprogram for kommunedelplan for sjø og strandsone ut på offentleg ettersyn med høyrigsfrist 10.11.2014. Det er kome inn 8 merknadar. Merknadane er vist i vedlegg 1 og er kort summert under.

Avsendar	Merknad
Jon Anders Birkeland	Frådelte naustetomter i eksisterande naustmiljø bør ha føremål «naust» i planen.
Statens vegvesen	Peikar på ulike omsyn i høve til nye og eksisterande avkøyrslar til fylkesveg, og syner til at dette må vera i samsvar med forskrift og rammeplan for avkøyrslar. Syner til at trafikktryggleik må vurderast ved utvida bruk av areal i strandsona.
Fylkesmannen Hordaland	iGenerelt positiv til målsettingane med planen. Planen må vurdera konsekvensar for villaksen i Osterfjorden med tanke på endra struktur for akvakultur.
Arve Mjøs, Aksel og Innspel om konkrete arealendringar i område Hoshovdestølen og Kari Mjøs	Heldal. Vert vurdert på eit seinare stadie i prosessen.
Fiskeridirektoratet Region Vest	Syner til at planprogrammet er mangelfullt i høve til akvakultur og at det må vera tydlegare målsettingar og strategiar for akvakultur. Peikar på at det å redusera talet på akvakulturlokalitetar ikkje er i tråd med nasjonale forventningar til kommunen si arealplanlegging. Ber generelt om at kommunen legg til rette for at fiske kan føregå utan at anna arealbruk er til hinder for dette.
Odd Roar Aalborg	Ulike merknadar til feil plassert namn og manglande namn. Syner til at eksisterande bebygde areal bør vera avsett til privat bruk. Skogsona langs austsida av Sauvika bør bevarast og lokalitet for oppdrett nær Krossneset bør fjernast. Peikar på ulik fauna i området og enkelte landskapsformasjonar som bør vernast.
Linda Svidal	Uttale på vegne av beboarane i bustadfelt på Nedre Vikne. Syner til at dei ynskjer å gjera strandsona tilgjengeleg for beboarane og ålmenta.

## Vurdering

Planprogrammet som ligg føre har eit hovudfokus på å ta vare på og leggja til rette for allmenn bruk av strandsona. I tillegg er det fokus på ei vurdering av strukturen for akvakultur i sjøareala. Tittelen på planen er difor endra til «*Planprogram for kommunedelplan for sjø og*

*strandsone i Osterøy kommune 2015-2025», der ein har tatt inn «sjø» i tittelen.*

Eit viktig grunnlag for kommunedelplanen er forarbeidet med å kartleggja ulike verdiar i strandsona og fastsetja ei lokal tilpassa strandsone (funksjonell strandsone). Rapporten er utarbeida eksternt og ein del av planarbeidet vil vera å vurderar om den fastsette funksjonelle strandsona er i tråd med det kunnskapsgrunnnlaget kommunen har. Det vil vera aktuelt å justera den funksjonelle strandsona ut frå lokal kunnskap om tilhøva enkelte stader.

I planprogrammet har ein forsøkt å fokusera på nokre få tema som skal vera dei viktigaste i arbeidet med planen. Etter offentleg ettersyn kom det fleire merknadar frå regionale styresmakter om at akvakultur burde vera ein meir tydeleg del av planprogrammet. Akvakultur er difor teken inn som eit eige tema som det skal vera særskild fokus på.

Generelt er det temaet akvakultur som det er flest merknadar til. Fiskeridirektoratet meiner at det vil vera i strid med nasjonale føringar å ta ut akvakulturlokalitetar i frå planen.

Rådmannen meiner at ei omstrukturering av akvakulturlokalitetar må skje i ein dialog med næringa og at det ikkje vil vera i strid med nasjonale føringar å endra arealbruken i sjø. Det er ikkje kommunen sitt ynskje å ta ut areal som det er drift på men å leggja til rette for ei berekraftig utvikling av næringa.

Fylkesmannen peikar på at konsekvensane for villaksen i osterfjordsystemet må vera ein del av konsekvensutgreiinga. Ein må her peika på at det ikkje vert teken stilling til biomassen i denne planen eller det som ligg i gjeldande konsesjonar etter akvakulturlova. Verknadane på økosystem i fjorden vil avhenga av kva biomasse som det vert opna for, noko denne planen ikkje vil vurdera. Ein vil i tillegg vise til at det vil ikkje verta opna for fleire akvakulturområde enn det som ligg i kommuneplanen i dag.

Det er i tillegg kome merknadar knytt til konkrete arealinnspeil. Desse er ikkje kommentert eller vurdert men vil vera med vidare i prosessen og vurdert i sjølv planprosessen.

Planprogrammet dekkjer dei mest aktuelle problemstillingane som er aktuelle for arbeidet med kommunedelplanen.

## **Konklusjon**

Planprogrammet dannar eit godt grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanen. Rådmannen rår difor til at planprogrammet vert vedteken slik det no ligg føre.